



Notat

Vår ref	Arkiv	Dato
LITO 14/381 - 1	A22,	15.04.2014

Vedtekter for skulefritidsordning(SFO)

1 Eigarforhold.

Jølster kommune eig og driv skulefritidsordningane ved skulane.

§2 Føremål.

SFO i Jølster kommune er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuletida for elevar i 1.- 4. klasse og for funksjonshemma barn i 1.- 7. klasse.

§3 Aktivitetar.

Innanfor skulefritidsordninga vil det verte organisert aktivitetar som:

- Leik og kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hos barna.
- Tilbod på aktivitetar frå frivillige organisasjonar.
- Turar, ekskursjonar.

Innhald og aktivitetar blir presentert i ein plan for skulefritidsordninga.

Forskrift for ordensreglement ved skulen gjeld og ved SFO.

§4 Opningstid.

Den daglege opningstida skal ligge innanfor tidsramma 07.00 – 16.30 på Skei skule og 07.00 – 16.45 ved Vassenden skule, måndag til fredag, i skuleåret inntil anna blir vedteke.





SFO har tilbud om ferieopning i haust- og vinterferie. SFO - året følgjer skuleåret og startar med ferietilbod frå og med veke 32 og har ferietilbod til og med veke 27. Det vert gitt ferietilbod ved Vassenden skule for alle som ønskjer SFO – tilbud i Jølster kommune. Dette gjelde alle feriar som haust- og vinterferie og sommarferie.

Skulefritidsordninga har 5 planleggingsdagar i året.

§5 Inntak av barn.

Elevar i 1.-4. klasse og barn med særskilde behov frå 1.-7. klasse, har rett til å delta i SFO. Søknadsfrist til plassar i SFO og endring av type plass for komande skuleår er 01.04. Informasjon om ordninga og elektronisk søknadsskjema finn ein på kommunen si heimeside. Vedtekter og informasjon blir sendt ut saman med tilbud om plass. Hovudinntaket er frå og med veke 32, fylgjer skuleåret og gjeld til og med veke 27. Søknader som kjem inn etter søknadsfristen vil bli sett på venteliste. Ved ledig plass vil barn med lengste ventelistedato får tilbud om plass.

§6 Oppseiing av plass.

Barnet har plass i SFO inntil plassen blir sagt opp. Oppseiing av plass skal skje med minst ein månads varsel, dvs. før den 1. i månaden oppseiingsfristen gjeld. Skjer oppseiinga etter den 1. den aktuelle månaden, vert det å betale for oppseiingsmånaden pluss neste månad. Dette gjeld sjølv om barnet sluttar før.

§7 Betaling.

Det skal betalast etter til kvar tid gjeldande satsar. Det er fast månadssats for dei ulike faste tilboda. Minstetid er inntil 6 t/v. Dei som nyttar morgon og ettermiddagstid, må betale for heile økter sjølv om ein nyttar mindre. Ein har tilbud om plass med og utan ferie, og i tillegg kan ein søke om plass på einskilddagar og i feriar. Betaling vert fakturert månadleg. Betaling med ferietilbod er frå 01.08 til 30.06, det vil seie 2 veker før skuleåret startar og to veker etter skuleslutt.

§8 Måltid.

Det vert lagt opp til eit ekstra måltid på skulefritidsdagane, eventuelt med matpakke heimanfrå. Mjølkk, evt. måltid vert å betale ekstra.





§9 Dagleg leing.

Skulefritidsordninga i Jølster kommune er lagt til Vassenden skule og Skei skule. Skulefritidsordninga er administrativt lagt under rektor ved skulen. Rektor har det overordna administrative, økonomiske og pedagogiske ansvaret, samt arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i ordninga. Skulefritidsordninga har ein dagleg leiar som har ansvar for dagleg drift, planlegging og koordinering av aktivitetar, kontakt med lag og organisasjonar, rettleiing og deling av arbeid mellom dei tilsette, mindre innkjøp, budsjett og rekneskap. Ved 60 barn eller meir har dagleg leiar 100% stilling. Ved mindre enn 60 barn vert dagleg leiarstilling redusert høvesvis til minimum 20%.

§ 10 Bemanning.

Skulefritidsordninga skal ha bemanning med 15 barn pr. vaksen. Er det barn eller grupper med særskilt behov i skulefritidsordninga, må skulen ved rektor og leiar for SFO saman med leiinga i Jølster kommune vurdere om det er naudsynt med ekstra ressursar til skulefritidsordninga.

§ 11 Leike og opphaldsareal.

Leike og opphaldsareal i skulefritidsordninga er skulen sitt uteareal og disponible rom ved skulen.

Med helsing

Lise Toverud
Kommunalsjef
57726102

